

**Likebehandling av barnehagane**

18.12.2010

**Loven om barnehagar og forskrift er endra slik at det er likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.**

**Det betyr at kommunen før årsskiftet vil betala ut a konto forskot for eitt kvartal til desse barnehagane.**

Dermed vil Dønhaug Gardsbarnehage få eit forskot på 550.000 kroner for dette tidsrommet.

Utgangspunktet for storleiken på tilskotet vil vera utbetalt statstilskot og kommunalt tilskot i år.

Kommunen tar sikte på å ha klart vedtak om tilskotssatsar før 1. februar neste år i samsvar med forskrifta.

Dette vedtaket gjeld også for Husnes barnehage.